



Haldis S. & Øivind Olsen  
Skauvegen 405  
5957 MYKING

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/9586 - 20/76894

Saksbehandlar:

Sverre Solberg

sverre.solberg@alver.kommune.no

Dato:

02.12.2020

## **Ajourføring i Matrikkelen for gbnr 45/1-2, 4-5 og 8 på Sletten, 5957 Myking.**

Alver kommune har oppdateringsansvar for Matrikkelen i kommunen. Matrikkelen er Noreg's offisielle register over grunneigedomar, bygningar og adresser. Dette er ein kontinuerleg prosess som kart- og oppmålingsavdelinga utfører dagleg ved oppmålingsforretningar, ved grensejusteringar, utskiftningskart, data frå jordskifte og vegvesen samt eldre skylddelingar. Dessutan etter innspel frå grunneigarar som oppdaggar feil eller manglar med teikningar eller grenselinjer. Kommunen jobbar heile tida med å få til eit betre register som grunneigarar og publikum kan nytta til utbyggingsføremål og andre ting.

Det har vorte meld inn feil på grenselinjene kring delar av gbnr 45/1-2 og 4-5 av Kjartan Sletten. Desse grenselinjene er retta opp på 3 av dei 5 kartvedlegga til dette brevet. Dei andre 2 kartvedlegga, syner korleis grenselinjene såg ut **FØR** desse endringane vart utført.

Under desse oppretningsarbeida, vart det også funne feil på grenselinjene kring gbnr 45/8 – «Steinkloppen» av underteikna. Kopi av skyldskifte over denne eigedomen av 29. 11. 1975 og tinglyst 12. 02. 1976, ligg også ved til dei av partane dette angår ! Det same gjer ein samla rapport for denne matrikkeleininga !

Som tilstøytande nabo – gbnr 45/2 – gbnr 45/4-5 og gbnr 45/8 – vert de varsla om grenseendringane som er føretekte i Matrikkelen. Skyldskifte og utskiftning over garden Sletten, gjeld som tidlegare og er ubrigda etter desse endringane i Matrikkelen !

Dersom dette ikkje stemmer med dykkar opplysningar om grensetilhøvet, ber me dykk snarast senda tilbakemelding saman med dokumentasjon til:

Alver kommune, Kart og oppmåling, Postboks 4, 5906 Frekhaug.  
Tlf. 56 37 50 00. E-post: [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug

[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

Kontonummer: 3207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00

Med helsing  
Alver kommune Kart og oppmåling

Tommy Veland  
Avdelingsleiar

Sverre Solberg  
avdelingsingeniør

**Vedlegg:**

45-1 Vedlegg (262070)  
45-1 Vedlegg 2 (262071)  
45-1 Vedlegg 3 (262072)  
45-1 Vedlegg 4 (262073)  
45-1 Vedlegg 5 (262074)  
45-1 Vedlegg 2  
45-1 Vedlegg 3  
45-1 Vedlegg 4  
45-8 Vedlegg (262075)  
45-8 Vedlegg

**Mottakarar:**

Haldis S. & Øivind Olsen	Skauvegen 405	5957	MYKING
Jan-Erik Hope	Skauvegen 420	5957	MYKING
Mona Nævdal	Skauvegen 383	5957	MYKING
Ragnhild & Kjartan Sletten	Skauvegen 401	5957	MYKING